



Vestlandsbryggen sine folk stilte med båt med krane og anna spesialutstyr til jobben i båthamna i dag.

Uskedal Båtlag har gjort eit godt arbeid for at båthamna skal vere godt rusta til å stå imot både uver og storm. I dag har folk frå spesialfirmaet Vestlandsbryggen gjort vedlikehalds- og forsterkingsarbeid på flytebrygga som går utover frå moloen. Denne fekk hard medfart i hauststormane i fjor, og same firma har også tidlegare gjort eit forbetningsarbeid på den.

Som kjent vart heile den indre flytebrygga skifta ut tidlegare i haust. Etter om lag 30 års teneste var den gamle prega av slitasje og rustskadar. Dermed måtte den erstattast av ei heilt ny flytebryggje som er nær identisk med den forrige.

Når det siste arbeidet no er gjort på piren ut frå moloen, kan båthamna gå vinteren i møte i betre stand enn nokon gong.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland